

## Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	Valstyre for Nye Øygarden kommune
<b>Møtestad:</b>	Skjenet 2, møterom i andre etasje
<b>Dato:</b>	15.10.2018
<b>Tid:</b>	16:00

---

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post  
[politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no](mailto:politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no)

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert kaffi / te i møtet.

Straume, den 8.oktober 2018.

Marianne Sandahl Bjorøy (s)  
Leiar

## SAKSLISTE

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/18	Organisering og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i nye Øygarden kommune 2019
PS 3/18	Ymse



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

Arkiv: 021  
Saksmappe: 2018/1720-26799/2018  
Sakshandsamar: Unni Rygg  
Dato: 08.10.2018

## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvaksaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
1/18	Valstyre for Nye Øygarden kommune	15.10.2018

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/18	Valstyre for Nye Øygarden kommune	15.10.2018

### Organisering og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i nye Øygarden kommune 2019

#### Samandrag av saka:

**Valdagen for kommunestyre - og fylkestingsvalet i 2019 er sett til 9. september. Valstyret skal i denne saka ta stilling til fleire spørsmål i samband med organisering og gjennomføring av valet, som til dømes:**

- **Krinsinndeling i den nye kommunen**
- **1 eller 2 dagars val**
- **Utlekking av manntal til offentlig ettersyn**
- **Elektronisk kryssing i manntalet i alle krinsar**
- **Røystelokale til førehandsrøysting**
- **Røystelokale til valting**
- **Opningstider**

**Prosjekttrådmannen legg fram saka med forslag til innstilling.**

#### Innstilling:

- Noverande krinsar i dei tre kommunane vert oppretthaldne som dei er i dag, med unntak av Tellnes krins. Denne krinsen vert slått saman med Skogsvåg krins. Statens kartverk vil nummerere alle krinsane på nytt.
- Det vert halde 1-dags val i nye Øygarden kommune på valdagen 9. september 2019.
- Manntalet skal leggjast ut til offentlig ettersyn så snart som råd er etter at det er produsert og til og med valdagen for kommunestyre- og fylkestingsval på følgjande stadar:
  - Fjell rådhus (servicetorget)
  - Fjell folkeboksamling (Sartor senter)
  - Sund kommunehus
  - Øygarden rådhus

- (Nye) Øygarden kommune nyttar elektronisk kryssing i manntalet i alle krinsar med verknad frå kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.
- Førehandsrøysting
  - a. Tidleg førehandsrøysting i tidsrommet (01.07 – ca 09.08.19) vert halde i Fjell rådhus, på kommunehuset i Skogsvåg og på rådhuset i Rong.
  - b. Ordinær førehandsrøysting (12.08 – 06.09.19) vert halde på følgjande stadar:
    - Fjell: på biblioteket på Sartor Storsenter og i servicetorget Fjell rådhus
    - Sund: på servicetorget Sund kommunehus
    - Øygarden: på servicetorget Øygarden rådhus.
  - c. Førehandsrøysting skal skje i den faste kontortida på rådhusa/kommunehuset, men med utvida opningstid i tråd med tidlegare praksis. På Fjell folkebibliotek vert det utvida opningstid fram til kl 21.00 den siste veka før valet, med unntak av fredag 6. september, då stenger biblioteket kl 19.00.
  - d. Det vert teke i mot førehandsrøyster på følgjande stadar, etter nærare avtale:
    - Fjell: Sotra VGS avd. Bildøy, Fjell sjukeheim, Straume bu- og servicesenter og Kvednatunet.
    - Sund: Sotra VGS avd. Skogsvåg, Sundheimen og eventuelt Solhaug sjukeheim.
    - Øygarden. Tednebakkane omsorgssenter
  - e. Det vert organisert for heimerøysting. Frist for å søkje vert sett til onsdag 4. september 2019 kl 15.00.
  - f. Prosjektrådmannen får delegert mynde til å peika ut administrativt tilsette som skal ta i mot førehandsrøyster.
- Det vert halde røysting på valdagen 9. september i følgjande krinsar / lokale:

<b>Fjell kommune 8 krinsar /lokale</b>	<b>Sund kommune 5 krinsar / lokale</b>	<b>Øygarden kommune 4 krinsar / lokale</b>
(01) Tellnes krins vert lagt ned	(04) Sund Lokale: Sund skule/grendahus	(01) Toftøy Lokale: Toftøy skule
(03) Ulveset Lokale: Ulveset skule	(05) Stranda Lokale: Stranda skule / hall	(02) Rong Lokale: Hjeltefjorden arena
(05) Skålvika Lokale: Skålvik skule	(07) Glesnes Lokale: Glesnes skule	(03) Blomvåg/Breivik Lokale: Blomvåg skule
(07) Ågotnes Lokale: Ågotnes skule	(08) Telavåg Lokale: Telavåg skule	(05) Alvheim/Hatten/Bakken Lokale: Tjeldstø skule
(10) Kolltveit Lokale: Fjell ungdomsskule	(10) Skogsvåg Lokale: Skogsvåg skule	
(11) Foldnes Lokale: Foldnes skule		
(13) Brattholmen Lokale: Brattholmen skule		
(14) Bjorøyna Lokale: Bjorøy skule NB! Kan også nyttast av bebuarar på Tyssøy		
(19) Hjelteryggen Lokale: Hjelteryggen skule		
<u>Opningstider:</u> 09.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 12.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 12.00 – 21.00

Straume, den 08.10.2018

Rune Lid  
Prosjektrådmann

### **Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

### **Saksopplysningar:**

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman til ei kommune 01.01.2020. Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 skal gjennomførast **som om** samanslåinga alt har skjedd og grenseendringane har funne stad. Ein konsekvens av dette er at manntalet for valet må koplast mot ny kommuneinndeling, før denne har tredd i kraft. Det er utarbeidd eiga forskrift som regulerer dette, sjå vedlegg.

Departementet har i samarbeid med Kartverket, Skattedirektoratet og Valgdirektoratet kartlagt dei nødvendige tiltaka som må setjast i verk i samband valgjennomføringa for å sikre at alle kommunar får korrekt manntall basert på inndelinga frå 1. januar 2020. Tiltaka krev tekniske tilpassingar, og føl ein stram tidsplan.

På bakgrunn av dette må samanslåingskommunane vedta eventuelle endringar i røystekrinsar innan **1. desember 2018** og ikkje 31. mars i valåret som elles er vanleg. Endringane må deretter meldast inn til Kartverket, så matrikkelen kan verta oppdatert.

### **Valkrinsar:**

Det er fellesnemnda, eller valstyret etter delegering, som regulerer kor mange krinsar den nye kommunen skal delast inn i, kva lokale som skal nyttast og i kva tidsrom røystinga skal foregå:

I vallova § 9-3 heiter det at:

1. *Kommunestyret, eller valstyret etter delegering, avgjør hvor mange stemmekretser kommunen skal deles inn i. Folkeregistemyndigheten skal orienteres om endringer i stemmekretsinnndelingen innen 31. mars i valgåret.*
2. *Valgstyret bestemmer hvor stemmegivningen skal foregå og fastsetter tiden for stemmegivningen. Stemmegivningen mandag må ikke foregå senere enn kl. 2100.*
3. *Valgstyret kunngjør tid og sted for stemmegivningen.*

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har alle gjennomført reduksjon i tal krinsar dei siste åra og har i dag totalt **18 krinsar**, 9 i Fjell, 5 i Sund og 4 i Øygarden. Valstyret for Nye Øygarden kommune må ta stilling til om desse skal reduserast ytterlegare eller justerast på ein eller anna måte.

Styringsgruppa v/prosjektrådmannen for førebuing til valet 2019 rår til at noverande krinsinnndeling i størst mogeleg grad vert oppretthalden slik den er, men med naudsynt re-nummerering for å gje krinsen ei unik identifisering for å samsvare med ny matrikkel for den nye kommunen. Dette for å følgje prinsippet om at det ikkje bør gjerast store endringar i valordninga i det første valet i den nye kommunen.

I tillegg vil det vere nødvendig å vurdere å slå saman Tellnes krins med Skogsvåg krins. Bakgrunn for dette er nedlegging av Tellnes skule frå og med hausten 2018 og overføring av elevane til Skogsvåg skule. Sjølv skulebygget vert også stengt ned, dvs møblar og utstyr vert flytta ut, nett-tilgang vert stengt og bygget kan ikkje lenger brukast til kommunale aktivitetar. I høve regelverket skal alle krinsar ha eit vallokale, og prosjektrådmannen finn det vanskeleg å foreslå eit anna eigna offentleg lokale i dette området.

For innbyggerane i Tellnes krins (som omfattar bygdene Tellnes, Haganes, Dala, Dalseidet, Trengereid og Kallestad) kan det vere naturleg å nytte eit av vallokala både nord og sør for dei. I og med at kommunane teoretisk og juridisk er slått saman i samband med gjennomføringa av valet og kommunen kan nytte elektronisk avkryssing i manntalet kan den einskilde veljar nytte den valkrinsen som er mest praktisk for ein.

### **Valting ein- eller to-dagars val:**

Tidspunkt for kommunestyre- og fylkestingsval 2019 er sett til (8). og 9. september. Kommunestyra i Fjell og i Øygarden behandla spørsmålet om eventuelt å innføra to-dagars val i 2017 og vedtok å halde fram med ein-dags val. Vurderingane som vart gjort i desse sakene baserte seg i hovudsak på ei evaluering kommunaldepartementet gjennomførte etter kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011 (Prop. 52L). Tala i den evalueringa viste at det truleg var lite sannsynleg at kommunen ville oppnå merkbar auke i valdeltakinga ved å innføre to-dagars val. Gjennomsnittleg valdeltaking i kommunar med to-dagars val var 1,7 prosentpoeng lågare enn i kommunar som berre hadde røystegjeving måndag. Forsking kan difor ikkje dokumentere at det er noko klar samanheng mellom valdeltaking og to-dagars val.

Føresegna som opnar for frivillig to-dagars val er frå ei tid kor det i utgangspunktet var vanskelegare tilgjenge til vallokala og førehandsrøysteordninga ikkje var utvikla og etablert slik som den er i dag. Det har etter kvart blitt mange ulike og fleksible ordningar for å kunne røyste, uavhengig av kor ein er i verda og kva funksjonsevne folk har. Kommunane vest for Bergen har ingen tradisjon med to-dagars val og det er stort sett dei store by-kommunane som har hatt dette. Talet på kommunar som har to-dagars val går også ned.

I samsvar med prinsippet om minst mogeleg endring av tidlegare praksis rår prosjektrådmannen valstyret til å halde fast på ein-dags val også for kommunestyre- og fylkestingsval i nye Øygarden kommune i 2019.

### **Utlegging av manntal til offentlig høyring**

Valloven legg til grunn at manntalet skal leggjast ut offentlig ettersyn, § 2-6 første ledd.

*(1) Valgstyret skal legge manntallet ut til offentlig ettersyn så snart det lar seg gjøre.*

*Manntallet skal ligge ute til og med valgdagen.*

*(2) Valgstyret kunngjør tid og sted for utleggingen og opplyser også om adgangen til og fremgangsmåten for å kreve feil rettet.*

Manntalet vert produsert i midten av juli. Skjeringsdato er 30. juni og manntalsopplysningane viser kven som røysterett til kommunestyre- og fylkestingsval pr denne dato, kva kommune du er manntalsført i og kva krins du høyrer til i. Desse opplysningane vil og stå på valkorta som alle røysteføre får tilsendt i posten første halvdel av august.

Regelen er at du skal røysta på valdagen i **den kommunen** du er manntalsført i pr 30. juni. Dersom ein veljar meiner det er feil i desse opplysningane kan han krevje feilen retta.

Valstyret skal ta stilling til kor manntalet skal leggjast ut til ettersyn. Tid og stad og informasjon om høve til retting vert annonsert i Vestnytt og på heimesidene til kommunane og nye Øygarden kommune.

Frå og med stortingsvalet 2013 har manntalet vorte lagt ut til ettersyn på Fjell rådhus (servicetorget) og på Folkeboksamlinga (Sartor senter), på Sund kommunehus og i Øygarden rådhus.

### **Førehandsrøysting – tidsrom og lokale:**

Ordinær førehandsrøystingsperiode startar måndag 12. august og varer til og med fredag 6. september, men veljarane har høve til å røysta alt frå 1. juli (tidlegrøysting). Denne ordninga er i hovudsak oppretta for veljarar som vil vere ute av landet i førehandsrøystingsperioden og på sjølve valdagen.

Førehandsrøysting vert regulert i vallova kapittel 8. I § 8-3 heiter det m.a.

1. *Stemmegivningen skal foregå i egnet lokale*
2. *Hos stemmemottaker oppnevnt av valgstyret foregår stemmegivningen*
  - a) *på helse- og sosialinstitusjoner og*
  - b) *der valgstyret elles beslutter at det skal mottas forhåndsstemmer.*

Det er egne retningslinjer for mottak av førehandsrøyster på Svalbard, på Jan Mayen og på utanriksstasjonane. Det er også slik at innanriksveljarar som er uføre, eller som på grunn av sjukdom ikkje kan røysta på dei stadene som valstyret har fastsett (heimerøysting), kan søkje til valstyret om å få røyste der dei oppheld seg. Valstyret fastset frist for når slik søknad skal vere komen inn til kommunen. Fristen må fastsetjast til eit tidspunkt innanfor perioden mellom tysdag og fredag siste veke før valet. Søknadsfristen skal kunngjerast.

Prosjektrådmannen har i innstillinga gitt forslag til fristar. Desse er basert på same praksis som ved tidlegare val og er innanfor krava i vallova og forskriftene.

I valforskrifta § 26 heiter det og at:

1. *Valgstyret skal legge forhåndsstemmegivningen til lokaler som er lett tilgjengelige og hvor alle velgere kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Andre lokaler skal ikkje benyttes med mindre særlige grunner foreligger.*
2. *Ved tilrettelegging for forhåndsstemmegivning i valglokalene, skal det legges vekt på god tilgjengelighet for alle velgere. Blinde og svaksynte velgere skal kunne avgi stemme utan å måtte be om hjelp.*

### Tidleg røysting:

Ved førre val vart det teke imot tidlegrøyster frå 1. juli i Fjell rådhus, Sund kommunehus og Øygarden rådhus. Omfanget av dei som tidlegrøyster er ikkje stort og ordningane med å avgrensa stad for denne røystinga til rådhusa/kommunehusa vert tilrådd vidareført også ved valet i 2019.

### Ordinær førehandsrøysting:

Røystelokale for ordinære førehandsrøyster har vore i servicetorga og på folkeboksamlinga for Fjell kommune sitt vedkommande. Opningstidene har variert noko frå kommune til kommune og frå lokale til lokale.



I Sund kommune kunne ein førehandsrøyste på kommunehuset i ordinær arbeidstid, men med utvida tid dei to siste vekene og ein laurdag før valdagen. Også i Øygarden kommune var det servicetorget i rådhuset som vart nytta til førehandsrøystelokale. Opningstidene her var nokolunde tilsvarande som i Sund.

I Fjell kommune kunne ein førehandsrøyste på servicetorget i Fjell rådhus sine opningstider. I tillegg kunne veljarane førehandsrøyste på biblioteket sine lokale på Sartor Storsenter og i biblioteket sine ordinære opningstider. Siste veka før valdagen utvida biblioteket opningstider på vekedagane og biblioteket har alltid opent 4 timar på laurdagar.

Ved stortingsvalet i 2017 haldt biblioteket opent for førehandsrøyster kvar vekedag fram til kl 21.00 også siste fredagen før valdagen. Dei røystene som kjem inn etter at posten vert sendt fredagsettermiddag kl 15.30 og skal til andre kommunar kan ikkje sendast før måndag.

Etter at fleire kommunar ved dei to siste vala opplevde å få tilsendt mange førehandsrøyster for seint til at dei kunne takast med i valoppgjeret, endra departementet vallova på dette punktet frå og med valet i 2017. Førehandsrøyster sendt i posten kan takast med i valoppgjeret dersom dei kjem fram til valstyret innan tysdag etter valdagen kl 17.00 mot tidlegare kl 21.00 på valdagen. Posten har og lagt om sine rutinar noko for å oppfylle sine oppgåver.

For å redusere talet på røystesetlar som skal sendast måndagen, vil prosjektrådmannen foreslå at førehandsrøystinga vert avslutta kl 15.30 i Sund og Øygarden (i tråd med tidlegare praksis) og seinast kl 19.00 fredag 7. september på Fjell folkeboksamling (Sartor storsenter).

Alle lokala er godt kjende for innbyggjarane, har god universell utforming, parkeringsplassar i rimeleg avstand og kan etter prosjektrådmannen sitt syn vidareførast utan andre justeringar enn reduksjon i opningstida på biblioteket fredag 7. september.

#### Førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar og andre stadar:

Når det gjeld mottak av røyster på helse- og sosialinstitusjonar så har det i Fjell vore mottak på Fjell sjukeheim, Straume bu- og servicesenter og på Kvednatunet. Tilbodet er mykje nytta, både av bebuarar og av tilsette og pårørande.

I Sund har det vore mottak av førehandsrøyster på Sundheimen og på Solhaug sjukeheim. I Øygarden har det vore mottak av røyster på Tednebakkane omsorgssenter. I Sund har det og vore mottak av røyster på Sotra vidaregåande, avd Sund i Skogsvåg. I Fjell har det tidlegare vore mottak på Sotra vidaregåande, avd Bildøy, men ikkje ved dei to siste vala.

Prosjektrådmannen rår til at det vert lagt til rette for mottak av røyster på begge skuleavdelingane, men at dette føreset god samhandling med skulen og elles vidarefører praksis slik som ved tidlegare val.

#### Røystemottakarar av førehandsrøyster:

Det er valstyret som oppnemner røystemottakarar for førehandsrøystinga, men valstyret har gjennom mange år delegert denne oppgåva i samsvar med kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4. til rådmannen. Prosjektrådmannen legg opp til at denne ordninga kan vidareførast også for den nye stor-kommunen.

#### **Elektronisk kryssing i manntalet**

Det vert foreslått å innføra elektronisk kryssing i manntalet for den nye storkommunen ved kommande val. Fjell og Øygarden kommunar nytta dette ved sist val, Stortingsvalet 2017, og

opplevde ei stor effektivisering av valavviklinga på valdagen, både for veljarane og valfunksjonærane. Tilbakemeldingane var utdelt positive.

Elektronisk kryssing reduserer talet på feilkryssingar i manntalet, då valfunksjonæren gjerne nyttar strekkoden på valkortet for å slå opp veljaren i manntalet. For veljarane vil ordninga gje større fleksibilitet ved at veljaren kan bruka det vallokalet i kommunen som høver best. Det vil likevel vere slik at sjølv om røystesetelen vert tald opp i den krinsen som veljaren avla røysta si, så vert røysta registrert i den krinsen veljaren tilhøyrar.

Bruk av elektronisk kryssing i manntalet vil vidare føre til ein meir einsarta valhandling for veljaren, uavhengig av kor i kommunen ein røyster. Dette fordi ein fjernar bruk av konvoluttar for veljarar som røyster i ein annan krins enn vedkommande er manntalsført.

Dersom kommunen vel å nytta elektronisk kryssing i manntalet så må det gjennomførast i alle krinsane og det er ein føresetnad at alle vallokala har stabil nett-tilgang og gode back-up løysingar i form av til dømes trådløst nett eller ruterar med 4G-netttilgang. I tillegg vil det vere behov for varierende tal berbare PC-ar i alle vallokala. Desse PC-ane vil vere dei same som elles vert nytta i kommunane og dei kan brukast i andre samanheng etter valet.

Det vert og stilt andre krav til kompetanse hos valmedarbeidarane. Erfaring med bruk av PC vil vere eit krav for alle som skal ha som oppgåve å registrere veljar i manntalet. For at organiseringa av arbeidet i vallokale skal vere effektiv og fleksibel bør også alle andre valmedarbeidarar ha kjennskap til bruk av PC, sjølv om det framleis vil vere nokre arbeidsoppgåver i vallokalet der slik kunnskap ikkje er heilt nødvendig.

## Valting

### Vallokale

På sjølve valdagen har alle tre kommunar nytta skular og/eller gymsalar til vallokale. I Fjell har det vore varierende praksis med opne eller stengde skular på valdagen. I dei to andre kommunane har skulane i hovudsak vore opne.

For dei fleste skulane er det uproblematisk å halde vanleg skuledag samstundes med at gym-salen vert nytta som vallokale. Ved nokre av skulane så har det vore trafikale utfordringar og veljarar har snudd då dei ikkje har funne parkering. Valadministrasjonen vil gå i dialog med rektorar/inspektørar ved dei einskilde skulane for å finne best mogelege løysingar. Det vil vere opp til skulane sjølve å vurdere å eventuelt stenge skulen på valdagen.

Prosjektrådmannen vil som ved sist val føreslå følgjande vallokale, men med ny nummereringa som vert justert av Statens kartverk etter at kommunen har sendt inn ønskje om eventuell justering av valkrinsane:

<b>Fjell kommune 9 krinsar /lokale</b>	<b>Sund kommune 5 krinsar / lokale</b>	<b>Øygarden kommune 4 krinsar / lokale</b>
(01) Tellnes Lokale: <b>uavklart, må vurdere å slå denne krinsen saman med Skogsvåg</b>	(04) Sund Lokale: Sund skule/grendahus	(01) Toftøy Lokale: Toftøy skule
(03)Ulveset skule Lokale: Ulveset skule	(05) Stranda Lokale: Stranda skule / hall	(02) Rong Lokale: Hjeltefjorden arena
(05) Skålvika Lokale: Skålvik skule	(07) Glesnes Lokale: Glesnes skule	(03) Blomvåg/Breivik Lokale: Blomvåg skule

(07) Ågotnes Lokale: Ågotnes skule	(08) Telavåg Lokale: Telavåg skule	(05) Alvheim/Hatten/Bakken Lokale: Tjeldstø skule
(10) Kolltveit Lokale: Fjell ungdomsskule	(10) Skogsvåg Lokale: Skogsvåg skule	
(11) Foldnes Lokale: Foldnes skule		
(13) Brattholmen Lokale: Brattholmen skule		
(14) Bjorøyna Lokale: Bjorøy Skule NB! Kan også nyttast av bebuarar på Tyssøy		
19 Hjelteryggen Lokale:		
Opningstider 09.00 – 21.00	Alle røystelokala er opne frå 12.00 – 21.00	Alle røystelokala er opne frå 12.00 – 21.00

### Røystetidspunkt

Det har ikkje vore lik opningstid i dei tre kommunane på valdagen. Frå og med stortingsvalet i 2013 har opningstida for vallokala i Fjell kommune vore frå kl 09.00 til kl 21.00. I Sund kommune har opningstida frå 2015 vore frå 12.00 – 21.00 og i Øygarden har opningstida i mange år vore frå 12.00 – 20.00. Lang opningstid krev meir arbeid og høgare tal røystemottakarane knytt til det einskilde vallokalet.

Prosjektrådmannen vurderer at dei same opningstidene som ved sist val også vil vere riktige og hensiktsmessige ved dette valet, men foreslår ut utvide opningstidene i røystelokala i Øygarden også til kl 21.00 på valdage. Det vert i denne samanheng viktig med god og målretta informasjon i tillegg til informasjon om at alle veljarar i den nye kommunen kan nytte røysteretten sin i det vallokalet som høver best også på valdagen.

### Medlemer i røystestyra og valmedarbeidarar

Det vert lagt opp til at valstyret vel leiar, nestleiar og eit medlem, totalt 3 personar til kvart røystestyre (dette vil utgjere ca 50 personar avhengig av kor mange krinsar den nye kommunen får). I tillegg trengst det eit varierende tal valmedarbeidarar i dei ulike krinsane. Valstyret vil få lagt fram eiga sak om mellom anna val til røystestyra, fastsetjing av møtegodtgjersle og utvida delegasjon til prosjektrådmannen på eit seinare tidspunkt.

### **Kyrkjeval 2019:**

I tillegg til kommunestyre- og fylkestingsval skal det og heldast kyrkjeval i 2019. Som ved kyrkjevalet i 2015 vert det organisert for at også dette valet vert halde på dei aktuelle skulane, men i andre og separate rom enn dei som vert nytta til kommunestyrevalet. Departementet har gitt kommunane retningslinjer for korleis dette kan organiserast og samarbeidast om.

Kyrkjevalet kan, der det er naturleg, leggjast til same lokale som kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kommunar som ikkje har eigna lokale til å huse begge val samtidig er ikkje pålagde å leggje til rette for dette. I dei tilfella der lokale for kyrkjevalet vert lagt i umiddelbar nærleik til vallokale som vert nytta ved kommunestyre- og fylkestingsvalet, er det viktig at det vert inngått eit samarbeid mellom fellesråda og valstyra. Dette for å sikre at kyrkjevalet er tydeleg åtskild frå kommunestyre- og fylkestingsvalet. Hovudregel er at vala ikkje kan leggjast til same rom med mindre rommet er stort og særleg eigna til at det kan

delast inn og innreiaast til begge vala. Det viktigast er at ein unngår samanblanding og sikrar at veljarane ikkje vert forvirra eller føler seg pressa til å røyste ved begge val.



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

Arkiv: 021  
Saksmappe: 2018/1720-26800/2018  
Sakshandsamar: Unni Rygg  
Dato: 08.10.2018

## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvaksaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
3/18	Valstyre for Nye Øygarden kommune	15.10.2018

**Ymse**